

Riksregulativet for ferjetakstar,

gjeldande frå 1. januar t.om 31. desember 2009

inkl. 8 % mva. (alle takstar i kroner)

Med atterhald om rute- og takstendringar for ferjerutene i perioden

Sone nr.	Distanse i km.	PERSONTAKSTAR		TAKSTAR FOR KØYRETY INKL. FØRAR ETTER KØYRETYETS LENGDE INKL. LAST										Motorsyklar, mopedar og el.bilar inkl. førar C	Månadskort (visérkort) person
		Vaksne A1	Barn Honnør A2	Tom. 6 m B2	6,01-7 m B3	7,01-8 m B4	8,01-10 m B5	10,01-12 m B6	12,01-14 m B7	14,01-17 m B8	17,01-19 m B9	19,01-22 m B10			
2	1,0 - 1,9	22	11	52	129	153	207	256	309	382	441	522	39	535	
3	2,0 - 2,9	24	12	57	143	168	225	275	331	404	463	544	40	535	
4	3,0 - 3,9	25	13	63	154	182	243	294	346	426	485	566	43	570	
5	4,0 - 4,9	26	13	68	168	197	260	316	368	449	515	596	45	570	
6	5,0 - 5,9	28	14	74	181	212	276	331	390	471	537	618	47	570	
7	6,0 - 6,9	29	15	79	193	226	294	353	412	493	559	640	50	635	
8	7,0 - 7,9	31	15	84	206	241	309	368	426	515	581	669	52	635	
9	8,0 - 8,9	32	16	89	219	256	331	390	449	537	603	691	54	635	
10	9,0 - 9,9	33	17	95	231	271	346	404	471	559	625	713	57	700	
12	11,0 - 11,9	36	18	106	256	301	382	449	507	603	676	765	61	700	
13	12,0 - 12,9	38	19	112	269	316	397	463	529	625	699	787	63	755	
14	13,0 - 13,9	39	20	117	282	331	419	485	551	647	721	816	66	755	
15	14,0 - 14,9	40	20	121	294	346	434	500	574	662	743	838	68	755	
16	15,0 - 15,9	42	21	127	309	360	449	522	588	684	772	860	70	795	
17	16,0 - 16,9	43	22	132	324	375	471	537	610	706	794	890	73	795	
19	18,0 - 18,9	46	23	144	346	404	500	574	654	750	838	934	77		
20	19,0 - 19,9	47	24	149	360	419	522	596	676	772	860	963	79		
21	20,0 - 20,9	49	24	155	368	434	537	618	691	794	890	985	81		
22	21,0 - 21,9	50	25	160	382	449	551	632	713	816	912	1007	84		
23	22,0 - 22,9	52	26	165	397	463	574	654	735	838	934	1037	86		
24	23,0 - 23,9	53	26	170	412	478	588	669	757	860	956	1059	88		
25	24,0 - 24,9	54	27	176	419	493	610	691	772	882	978	1081	91		
27	26,0 - 26,9	57	29	187	449	522	640	728	816	927	1029	1132	95		
28	27,0 - 27,9	59	29	192	463	537	662	750	838	949	1052	1154	98		
30	29,0 - 29,9	61	31	202	485	566	691	787	875	993	1096	1206	102		
36	35,0 - 35,9	70	35	236	559	654	802	897	1000	1125	1243	1353	116		
* 94		28	14	99	240	280	354	420	485	573	646	734	57	570	
* 95		33	17	156	371	436	537	615	696	797	891	985	82	700	
* 96		50	25	185	443	517	633	721	808	918	1021	1123	94	870	

* Pris inkl. bompengar

Soneplassering

Ferjestrekningane er førte opp under den staden som kjem først i alfabetet.

Ferjestrekning	Takstzone (gjeld heile året)	Ferjestrekning	Takstzone (gjeld heile året)	Ferjestrekning	Takstzone (gjeld heile året)
Anda-Lote	3	Fure-Gjervik	8	Losna-Rutledal	9
*Arsvågen-Mortavika	95	Fure-Værlandet	20	Losna-Rysjedalsvika	12
Askvoll-Fure	6	*Halhjem-Sandvikvåg	96	Måløy-Oldedeide	8
Askvoll-Gjervik	4	Hella-Vangsnæs	5	Måren-Nordeide	7
Askvoll-Værlandet	20	Husevågøy-Måløy	5	Måren-Vik	30
Dale-Eikenes	6	Husevågøy-Oldedeide	5	Måren-Ortnevik	7
Daløy-Halldorsnes	2	Isane-Stårheim	4	Nordeide-Ortnevik	12
Daløy-Nåra	4	Kjelkenes-Smørharnn	13	Nordeide-Vik	36
Dragsvik-Hella	2	Krakhella-Losna	6	Ortnevik-Vik	28
Dragsvik-Vangsnæs	6	Krakhella-Rutledal	14	Rutledal-Rysjedalsvika	7
Fodnes-Mannheller	4	Krakhella-Rysjedalsvika	16		
Frønningen-Kaupanger	14	*Lavik-Oppedal, personar (ikkje bompengar på pass)..	94		

Riksregulativ for ferjetakstar

gjeldande frå 1. januar t.om 31. desember 2009

1 Takstføresegner

- 1.1 Takstføresegnene omfattar alle person- og køyretøytransportar. Alle takstar er inkl. meirverdiavgift.
- 1.2 Dei einiskilde ferjesambanda vert plassert i takstsoner etter lengda av ferjestrekninga. Samferdsledepartementet kan fastsetja at takstane avvik frå denne føresegna.
- 1.3 Takst for køyretøy vert rekna ut etter totalengda. Takst for firehjuls MC blir rekna etter takstgruppe C. Takst for mopedybil blir rekna etter takstgruppe C. Takst elbil: går fritt, men førar og passasjer løyser billett. Takst for MC med tilhengar og/eller sidevogn blir rekna etter takstgruppe C. Takst for elektriske rullestolar, merka max 10 km er gratis, men førar betalar vanleg passasjertakst.
- 1.4 Køyretøy over 6 meter og tilhengar takstrekna som eit køyretøy, dvs. køyretøyet sin samla lengd avgjer takstgruppa. Køyretøy under 3500 kg og under 6 m betalar dobbel takst dersom køyretøy og tilhengar samla er under 10 m. Er samla lengd over 10 m, vert prisen tredobbel. Ved bruk av rabattkort skal det betalast hhv. dobbel/tredobbel av rabattert pris.
Køyretøy under 3500 kg og tilhenger som samla er under 6 m skal betale enkel takst.
- 1.6 Køyretøy med breidde over 2,6 m, og difor skal vere særskilt utstyrt/merka i hht. forskrift om bruk av køyretøy, skal betale dobbel takst.
- 1.7 Køyretøy høgare enn 4,5 m irekna last eller høgare enn fri høgd på ferja, kan krevjast for dobbel takst, om lasting seinkar ferja.
- 1.8 Køyretøy lengre enn 22 m, skal betale tillegg pr. meter over 22 m, etter takstgruppe A1.
- 1.9 Køyretøy som nyttar rabattkort og har utoverhengande last, skal betale tillegg etter A1 (vaksen) pr. meter.
- 1.10 Alle passasjerar, utanom bilførarar, skal betale personbillett. Dette gjeld også for hjelpemenn og hjelpesjåførar på gods-bilar. Pasient på bære skal ikkje løysa billett.
- 1.11 Barn under 4 år reiser gratis, også i barnevogn.
- 1.12 Barnetakst betalar ein frå og med fylte 4 år og inntil fylte 16 år. Frå og med den dagen ein fyller 16 år betalar ein vaksen takst. Er det tvil om alderen, kan ein forlange aldersattest.
- 1.13 Bompengar vert kravt som tillegg til ferjetakstane. Bompengesatsen og eventuelle rabattar på denne går fram av Stortinget sitt vedtak til det einiskilde bompengprosjekt. Køyretøy som skal betale dobbel takst, pkt. 1.4 og 1.7, betalar bompengar ein gong. Utrykningskøyretøy i tenestekøyning og bil merka gravfylgje er fritteke for bompengar.
- 1.14 Reisande som ved kontroll ikkje kan syne gyldig billett eller kort, skal betale tilleggstakst som svarer til det doble av taksten for einiskildbillett på vedkomande strekning. Minstetaksten er kr 200,- for personar, og kr 400,- for køyretøy.

- 1.15 For gods som ikkje går med bil, skal ferjeselskapet sitt eige lokalregulativ nyttast.
- 1.16 På oppmodning pliktar bilførar å syne gyldig vognkort.

2 Moderasjonsføresegner

Rabattkort vert utskrive til godkjende takstar. Takstar tilpassa marknaden gjeld ikkje rabattkort.

2.1 Persontakstar

- 2.1.1 Sonekort
Sonekort for personar vert utskrive med 12 klipp. Kortprisen skal tilsvare prisen for 10 einiskildbilettar (17 % rabatt). Det vert utskrive eitt kort for vaksne og eitt for barn. Korta vert utskrive for ei bestemt sone og gjeld samband i same eller lågare sone innanfor eit selskap sitt ruteområde. Korta kan nyttast av fleire på same reisa. Det vert ikkje gjeve honnørrabatt på sonekort. Born- og kaipengar, sjå pkt. 1.13.
- 2.1.2 Månadskort for personar.
Kortet gjeld frå første til siste dag i månaden. Kortet gjeld ein bestemt person og ei bestemt strekning, og skal ha foto av den reisande. Så lenge kortet gjeld, kan ein reisa så mange gonger ein ønskjer. Kortet vert utskrive for både vaksne og barn. Born betalar 50 % av vaksenpris. Born- og kaipengar, sjå pkt. 12.3.
- 2.1.4 Månadskort for buss og ferje
For buss og ferje er det den samla reiselengda som avgjer prisen på kortet. Prisen skal delast pro rata mellom selskapa etter del av samla lengd. Ingen skal ha mindre enn halvparten av lågaste månadskortpris.
- 2.1.5 Honnørbillett
Honnørbillett svarer barnetakst for aktuell strekning. Ordninga omfattar: a) personar over 67 år, b)uføre som har uførepensjon etter lov om folketrygd av 28. februar 1997 nr. 19 § 12, c) blinde, d) døvblinde, e) ektefelle/partnar som reiser i følgje med peson som har rett til honnørbillett etter pkt. a), b) eller c), f) person som reiser i følgje med ein person som viser fram legitimasjon der kommunen har stadfeta at vedkomande har trong for følgje, reiser gratis. Krav om honnørbillett skal legitimerast med gyldig identitetskort, som er pass, førarkort, bankkort eller posten sitt identitetskort. Følgje til person som har rett til honnørbillett etter pkt. d) (døvblinde), reiser fritt mot legitimasjon frå Statens sentralteam for Døvblinde. Det er ikkje krav til bustad eller nasjonalitet. Honnørrabatt for uføre-pensjonistar skal legitimerast med kort frå trygdekortet. Ein gjev ikkje honnørrabatt på sonekort, månadskort og storbrukarkort.

- 2.1.6 Moderasjon for vernepliktig personell og sivile tenestepålytende. Vernepliktig personell (korporaler og menige) og sivile tenestepålytende betaler barnebillett. Moderasjonen gjeld for alle reiser med ferjer, også tenestereiser, permisjonsreiser som Forsvaret betaler, og dimmisjonsreiser for den tenesteperioden som er innført i vernepliktboka. Innkallingsordren gjeld som legitimasjon ved innkallingsreiser. Det vert ikkje gjeve militærmoderasjon på sonekort, månadskort eller for køyretøy.
- 2.1.8 Gruppemoderasjon. Til reisegrupper på 12 personar eller meir, vert det gjeve 17 % moderasjon på ordinær takst. Reiseleiar betaler det same som dei andre i gruppa.
- 2.1.9 **Skule- og studentrabatt** på 40 % vert gjeve på månadskort for vaksne. Gjeld elevar og studentar t.o.m. 30 år. Skule- og studentlegitimasjon må synast fram. Event. bompengar vert ikkje rabatterte.

2.2 Køyretøytakstar

- 2.2.1 Sonekort for køyretøy (Gjeld også motorsyklar med og utan sidevogn). Sonekort for køyretøy blir utsteda med 40 klipp for det 24 einskildbillettast kostar (50 % rabatt). Korta vert utskrivne for ei bestemt sone og gjeld i samband i same eller lågare sone innanfor eit selskap sitt ruteområde. Korta gjeld eigar og namnet skal først på kortet. Køyretøy som nyttar kortet skal vere i same eller lågare takstgruppe. Elles visast det til pkt. 1.3. Korta kan berre nyttast av eitt køyretøy kvar tur. a) Næringstransportar når fleire køyretøy har same eigar. Legitimasjon kan krevast. b) Når idrettslag/organisasjonar kan dokumentere felles reise til arrangement. Kai- og bompengar, sjå pkt. 1.13.
- 2.2.2 Moderasjon til personar som har fått støtte til bilkjøp gjennom folketrygda. Når den trygda er med i køyretøy kjøpt med støtte frå folketrygda, blir det gjeve 50 % rabatt på einskildbillett. Dette gjeld og om bilen sin eigar har valt å kjøpe bil utan støtte. Rabatten blir gjeven når bilen sin eigar er med i bilen. Trygdekontoet skriv ut spesiell legitimasjon med køyretøyet sitt registreringsnummer. Dette må synast fram saman med anna identitetslegitimasjon. Rabatten gjeld berre for køyretøyet som legitimasjonen er utsteda for. For 50% rabatt på eventuell tilhengar gjeld same legitimasjon som for køyretøyet.

3 Refusjonar og endringar

- 3.1.1 Sonekort
Sonekort er gyldig inntil 1 måned etter takstendring. Ikkje nytta klipp vert seinare refundert med betalt nettoppris pr. klipp inntil 6 månader etter takstendring.
- 3.1.5 Sonekort som er gyldige og som ønskjast innløyst, vert refundert etter einskildbillett for nytta klipp. I særskilde høve kan dette fråvikast.

12 Elektronisk billettering

- 12.1 Føresegnene gjeld der elektronisk billettering vert nytta og kjem i tillegg til øvrige føresegner.
- 12.2 Verdikort for køyretøy
For køyretøy i bilgruppe B2-B4 og motorsyklar/moped blir det skriva ut verdikort med ein minsteverdi på kr 2.800,-. For køyretøy i bilgruppe B5-B8 blir det skriva ut verdikort med ein minsteverdi på kr 11.200,-. For køyretøy i bilgruppe B9-B10 blir det skriva ut verdikort med ein minsteverdi på kr 21.100,-. Verdikortet gir rabatt for køyretøy i same eller lågare bilgruppe enn det kortet er kjøpt for. Rabatten blir gitt ved bruk, og slik at ein oppnår 50% rabatt i høve

til kva enkeltbillett kostar. Ved bruk av verdikort blir det gitt 17% rabatt på personbillett for vaksne og barn. Det same verdikortet kan brukast på alle ferjesambanda i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Elles i landet kan det enkelte verdikortet nyttast på ferjesamband innanfor eit selskap sitt ruteområde. Kortet kan brukast på alle strekningar innanfor eit selskap sitt ruteområde. Eit verdikort kan berre nyttast som rabattkort for eit køyretøy på kvar ferjetur. I fylgjande tilfeller kan likevel verdikort nyttast som rabattkort for fleire køyretøy på same tur:

- Næringstransport når fleire køyretøy har same eigar. Det kan krevast legitimasjon.
- Når idrettslag/organisasjonar kan dokumentere felles reise til arrangement.

12.3 Månadskort

Månadskortet gjeld 1 måned frå og med dato til og med dato. Elles gjeld føresegnene etter pkt. 2.1.2.

12.4 Storbrukarkort

For bussar og kombinerte bilar som går i konsesjonsruter, og for heilt spesielle transportar kan selskapet tilby storbrukarkort.
For å få storbrukarkort skal brukaren innan den 5. i månaden betale inn eit a-kontobeløp tilnærma transportbeløpet denne månaden, på forskot. Selskapet registrerar og sender ut faktura med oppgåve over bruken av korta. Dersom a-kontobeløpet ikkje blir innbetalt innan den 5. i månaden er selskapet pliktig å sperre bruken av storbrukarkortet.

Ved forskotsbetaling blir det gitt fylgjande rabattar:

- For bussar og kombinerte bilar som går i konsesjonsruter 50% rabatt på køyretøy og 17% rabatt for passasjerar
 - For spesielle transportar 30% rabatt på køyretøyet
- Det er ferjeselskapet som avgjer om det skal gjevast tilgang til rekvisisjon og storbrukarkort.

Det same storbrukarkortet kan brukast på alle ferjesambanda i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Elles i landet kan det enkelte storbrukarkortet nyttast på ferjesamband innanfor eit selskap sitt ruteområde. Det blir ikkje høve til bruk av listeføring etter at elektronisk billettering er innført i eit selskap sitt ruteområde.